

Vedlegg 1: Bestandsanalyse

Innleiing.....	2
Oppbevaringsinstitusjonar	3
Geografisk fordeling	3
Bergen.....	4
Regionvis fordeling	4
Kommunevis fordeling.....	7
Tidsperiode	9
Aktørtype	9
Bedriftsarkiv	11
Primærnæringa.....	11
Sekundærnæringa	11
Tertiærnæringa	13
Organisasjonsarkiv	14
Politikk og fagrørsla	14
Jordbruk, skogbruk, fiske og fangst.....	14
Ideelle og humanitære verksemder.....	15
Idrett, fritid og kultur.....	15
Tru og livssyn.....	16
Institusjonsarkiv	16
Arkiv etter personar, andre arkivskaparar og samlingar	17
Legat/stifting.....	17
Oppsummering	18

Innleiing

Bestandsanalysen tek utgangspunkt i ei kartlegging av privatarkivbestanden i Vestland som vart gjennomført i 2022 og 2023. Datagrunnlaget i kartlegginga baserer seg på institusjonsbesøk, uttrekk frå Asta, e-post korrespondanse og eit eldre kartleggingsprosjekt frå Hordaland. I alt besøkte vi **27** oppbevaringsinstitusjonar for å registrere privatarkivbestanden. Den oppsøkjande framgangsmåten var tidkrevjande, men er grunna i at vi ønska eit best mogeleg datagrunnlag i analysearbeidet. Svarprosenten for slike kartleggingar basert på eigenrapportering viser seg ofte å vere låg.

Vi har i størst mogeleg grad prøvd å kartleggje alle privatarkiv med opphav i Vestland. Nokre av dei er oppbevarte av institusjonar utanfor fylket. På same vis har privatarkiv som institusjonar i Vestland oppbevarer med tilhøyrse utanfor fylket, blitt utelatne frå analysen.

Med oppbevaringsinstitusjon er meint ein institusjon eller organisasjon som har teke vare på arkiv frå privat sektor. Det er tale om alt frå kommunar til sogelag, museum og reine arkivinstitusjonar. Sjølv om kartlegginga har vore omfattande, har vi truleg ikkje fanga opp alle aktørar som har samla inn privatarkiv i Vestland. Dette vil likevel ikkje skippe hovudfunna i bestandsanalysen.

Arkivregistreringa vart ført i kartleggings skjema basert på tilrådingane i samdok-prosjektet, beståande av felte:

- ArkivID
- Arkivnamn
- Startår - Sluttår
- Omfang
- Kommune
- Aktørtype
- Organisasjonskategori
- Næringskategoriar - nivå 1
- Næringskategoriar - nivå 2
- Næringskategoriar - nivå 3
- Merknad

ArkivID er den unike identifikasjonen gjeve av oppbevaringsinstitusjonen.

Kommuneregistreringa tek utgangspunkt i dagens kommunestruktur. Aktørtypar er breie verksemdskategoriar, henta frå Asta. Organisasjonsinndelingar er òg henta frå Asta. Næringskategoriane er tufta på SSB si *Standard for næringsgruppering*.

Grunna avgrensa tid var vi nøydde til ta nokre val med omsyn til registrering av arkiva:

- Vi har utelete ordningsgraden til arkiva. Bevaringsverdien har heller ikkje blitt tatt med i denne kartlegginga.
- Vi har ikkje registrert reine fotosamlingar eller audiovisuelle samlingar. Det vil vere eit behov for å gjennomføre eigne kartleggingar av foto- og audiovisuelle samlingar.

Kartleggings skjemaet har blitt kvalitetssikra. Med over 9000 registrerte arkiv vil det likevel vere vanskeleg å unngå feil. Bestandsanalysen er vidare hefta av ein del manglar:

- Det er ikkje alle arkiva som har registrert ytterår og/eller omfang. Nokre arkiv manglar dessutan kommunetilhøyrslø.
- Vi har ikkje vurdert kor komplette arkiva er. Ein stor del av den bevarte arkivbestanden vil berre vere fragment av dei opphavslege arkiva. Omfang i hyllemeter vil bli brukt i analysen for å korrigere biletet av dekningsgrad.
- Nokre arkiv er oppbevarte av fleire institusjonar. Til dømes er delar av arkivmaterialet etter Firda Mållag oppbevart av Statsarkivet i Bergen, medan ein annan del blir forvalta av Vestland fylkeskommune. Tal unike arkiv er såleis litt mindre enn det samla talet for alle privatarkiv i Vestland.
- Frå Nasjonalbiblioteket og Misjons- og diakoniarkivet har vi ikkje arkivoversyn. Nasjonalbiblioteket oppbevarer ein del privatarkiv med opphav i Vestland. Mykje av det er materiale frå forfattarar og andre kulturpersonar, men registreringane til Nasjonalbiblioteket gjer at det er vanskeleg å hente ut informasjon om tilfang frå Vestland fylke.

Misjons- og diakoniarkivet (MDA) vernar arkiv frå misjons- og diakonirørsla, kristne kyrkjesamfunn og organisasjonar. MDA oppbevarer truleg arkiv frå Vestland, men institusjonen har ikkje svart på førespurnaden vår i samband med kartlegginga.

Oppbevaringsinstitusjonar

Privatarkiv i Vestland fylke blir oppbevart hos arkivinstitusjonar, museum, historielag og kommunar. Totalt har det blitt tatt vare på **9 169** privatarkiv som har eit samla omfang på **20 782** hyllemeter.¹

Vi har kartlagt **56** aktørar og oppbevaringsstader med privatarkiv. To av aktørane, Arbark² og Riksarkivet, er nasjonale institusjonar som tar vare på privatarkiv frå heile landet. Arbark oppbevarer **41** arkiv på til saman **8,48** hyllemeter medan Riksarkivet oppbevarer **4** arkiv på til saman **152** hyllemeter frå Vestland fylke. Arkivet etter *Årdal og Sunndal Verk* utgjer **150** av dei **152** hyllemeterane hos Riksarkivet.

Bergen Byarkiv, ArkiVest og Vestland fylkeskommune er dei største oppbevaringsinstitusjonane i fylket. Dei tre institusjonane har til saman **58,9** prosent av den totale arkivbestanden i Vestland og **70,1** prosent av det totale omfanget.

- Bergen Byarkiv oppbevarer **1 946** arkiv fordelt på **7 707** hyllemeter.
- ArkiVest oppbevarer **1 131** arkiv fordelt på **4 411** hyllemeter.
- Vestland fylkeskommune tek vare **2 338** arkiv på til saman **2 475** hyllemeter.

Det blir også oppbevart ei større mengd med privatarkiv hos fleire andre aktørar i fylket.

Geografisk fordeling

Den geografiske fordelinga teiknar eit oversyn over kvar i Vestland privatarkiva kjem frå med omsyn til region og kommune.

¹Arkivstatistikken og kartlegging av privatarkivbestanden i Vestland.


² Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek.

Tal enkeltarkiv og tal hyllemeter per 1000 innbyggjar syner dekningsgraden av privatarkiv fordelt på kommunane.


For å gi eit tilstrekkeleg nyansert bilete, er det naudsynt metodisk å ta demografiske omsyn og å sjå særskild på mengda med arkiv som er knytte til Bergen³. Byen skil seg frå dei andre kommunane både med omsyn til folketal, som handels- og sjøfartsby, at den er sentrum for marine, maritime forskingsmiljø og næringar, og ved at den residensby for store aktørar og institusjonar og nasjonale statlege verksemder. Det er naturleg at dette syner att i privatarkivbestanden.

Bergen

Av totalt **9 169** privatarkiv i Vestland, er **3 179** arkiv knytte til Bergen:




Av den totale hyllemeterbestanden på **20 782** privatarkiv i Vestland, utgjør privatarkiva frå Bergen **12 397** hyllemeter:



Regionvis fordeling


Medrekna Bergen, er Midthordland regionen med flest verna privatarkiv. Regionen har til saman **3 679** privatarkiv som samla utgjør **10 825** hyllemeter.

³ Sjå Vedlegg 2: Samfunnsanalyse 1945-2023 og Vedlegg 3: Utvida Samfunnsanalyse



3 179 av **3 680** arkiv frå Midthordland har kommunetilhøyrse til Bergen. Desse arkiva utgjer **97** prosent av det samla omfanget i hyllemeter frå regionen. Dei resterande kommunane i Midthordland har høvesvis **501** privatarkiv med eit samla omfang på **231** hyllemeter.

Utan Bergen, er Indre Sogn regionen med flest privatarkiv i Vestland. I Indre Sogn er det registrert **1 294** einskildarkiv. Dernest kjem Nordfjord og Kinn med ein bestand på **798** privatarkiv og Hardanger og Voss med **713** arkiv. Regionen med færrest privatarkiv er Sunnhordaland med **401** arkiv.



Hardanger og Voss den største fysiske arkivbestanden etter Bergen med **1 677** hyllemeter privatarkiv. Kraftmuseet er ein viktig aktør i regionen, og oppbevarer fleire store bedriftsarkiv etter hjørnesteinsverksemdar i Ullensvang.

Privatarkiv som er registrert som eit regionalt arkiv utgjer **5** prosent av den samla arkivbestanden i fylket. Dei regionale arkiva har eit omfang på **949** hyllemeter.⁴

⁴ Eit regionalt arkiv er ein arkivskapar som dekker ein region eller eit fylke.

Kommunevis fordeling

For å syne dekningsgraden av privatarkiv i kommunane, kan ein ta utgangspunkt i tal bevarte privatarkiv pr. 1000 innbyggjar.

I dette perspektivet skil ikkje arkivbestanden i Bergen seg ut som meir omfattande enn dei andre Vestlandskommunane. Her er det Vik kommune som har særleg meir enn dei andre kommunane, med til saman **142** arkiv pr. 1 000 innbyggjar.

Dei neste kommunane er Tysnes, Ulvik og Hyllestad. Alle desse har under 60 arkiv pr. 1 000 innbyggjar.

Kommunane som har færrest privatarkiv pr. 1 000 innbyggjar er Fedje, Fitjar og Stord. I kartlegginga er det berre registrert **4** privatarkiv frå Fedje og **4** privatarkiv frå Fitjar. Det utgjer **0,77** arkiv og **1,25** arkiv pr. 1 000 innbyggjarar. Stord har **43** privatarkiv som utgjer **2,23** arkiv pr. 1 000 innbyggjar.

Enkelte kommunar har eit stor omfang med arkiv der det enten er eitt eller få arkiv som står for det meste av den totale hyllemeterbestanden. Til dømes har Bømlo kommune **32** arkiv med eit samla omfang på **194** hyllemeter. Arkivet etter hjørneverksemda *Wichmann motorfabrikk* står for **150** av dei totale **194** hyllemeterane.

Det same gjeld for Stord kommune. Arkivet etter *Aker Solution Stord* har eit omfang på **144** hyllemeter, noko som svarar til **41** prosent av det samla omfanget med privatarkiva i kommunen.

Fordeling av privatarkiv pr. kommune					
	Kommune	Tal arkiv	Hyllemeter	Befolkning	Arkiv pr. 1 000 innbyggjar
1	Vik	364	102,9	2 557	142,35
2	Tysnes	163	14,35	2 933	55,57
3	Ulvik	59	29,5	1 082	54,52
4	Hyllestad	65	24,99	1 261	51,54
5	Fjaler	130	71,68	2 878	45,17
6	Aurland	78	17,02	1 794	43,47
7	Sogndal	487	333,42	12 267	39,70
8	Luster	198	120,18	5 398	36,68
9	Lærdal	76	28,3	2 143	35,46
10	Bremanger	119	40,19	3 382	35,18
11	Høyanger	128	83,11	3 889	32,91
12	Osterøy	263	516,72	8 184	32,13
13	Gloppen	182	89,29	5 911	30,79
14	Gulen	64	29,62	2 218	28,85
15	Ullensvang	318	1 492,22	11 126	28,58
16	Sunnfjord	439	266,6	22 536	19,47
17	Stryn	139	69,86	7 303	19,03
18	Askvoll	56	31,89	2 970	18,85
19	Kvam	159	32,19	8 517	18,66
20	Årdal	91	205,4	5 229	17,40
21	Kinn	233	161,72	17 260	13,49
22	Etne	53	8,07	4 068	13,02
23	Stad	125	53,42	9 609	13,00
24	Austrheim	35	3,14	2 871	12,19

25	Bergen	3 179	10 593	286 930	11,07
26	Voss	173	123,08	16 267	10,63
27	Bjørnafjorden	234	39,87	25 933	9,02
28	Fedje	4	0,02	513	7,79
29	Sveio	35	1,7	5 749	6,08
30	Masfjorden	10	0,05	1 678	5,95
31	Austevoll	31	0,01	5 288	5,86
32	Kvinnherad	71	27,10	13 071	5,43
33	Alver	161	120,99	29 932	5,37
34	Solund	32	17,97	753	4,24
35	Eidfjord	4	0,91	974	4,10
36	Øygarden	136	127,65	39 566	3,43
37	Samnanger	8	0,01	2 509	3,18
38	Askøy	92	64,06	30 078	3,05
39	Modalen	11	0,01	375	2,93
40	Vaksdal	11	10,22	3 865	2,84
41	Bømlo	32	194,94	12 299	2,60
42	Stord	43	349,9	19 202	2,23
43	Fitjar	4	0,5	3 195	1,25

Ein del kommunar, som Øygarden, Askøy og Alver, har hatt sterk vekst i folketalet dei siste førti åra. Ein del av forklaringa til at det har blitt verna få privatarkiv frå desse kommunane skuldast at det i denne perioden generelt har blitt teke vare på få privatarkiv.⁵

⁵ Ei anna årsak til at det er bevart få privatarkiv frå Bergen sine omlandskommunar kan ha å gjere med at Bergen har ein metropolfunksjon. Det vil seie at folk pendlar til byen for å arbeide og nytte seg av organisasjonslivet der, i staden for å opprette nye bedrifter og foreiningar i eigen kommune.

Tidsperiode

For å tidfeste når eit arkiv vart skapt har vi tatt utgangspunkt i det første året for arkivet. Ein må likevel ta i betraktning at arkiva gjerne strekke seg over fleire tidsperiodar og at denne tidfestinga dermed ikkje vil vere heilt nøyaktig.

Ein relativ høg prosent av alle privatarkiva har ikkje registrert ein start eller sluttperiode. Totalt manglar **19,8** prosent av arkiva start- og sluttår.

Det er bevart **3 088** privatarkiv frå perioden 1900-1945. I prosent utgjer det **33,6** av alle arkiva. Frå den etterfylgjande perioden er det bevart **2 110** privatarkiv som svarar til **23** prosent av alle arkiva. Det er derimot samla inn få privatarkiv frå perioden 1981-2023. Berre **8,5** prosent av arkiva er frå denne perioden.

Det kan vere fleire årsaker til at det ikkje er bevart så mange privatarkiv frå den siste perioden. Som for offentleg sektor, vil det også i private verksemdar gå ein del år før dokumentasjon sluttar å ha ein administrativ verdi. I tillegg er nok utfordringar med å verne digitalt skapte privatarkiv ei av årsakene.

1. Tidsperiode	2. Tal arkiv	3. Prosent
4. Før 1850	5. 361	6. 3,9 %
7. 1850-1899	8. 957	9. 10,4 %
10. 1900-1945	11. 3 088	12. 33,6 %
13. 1946-1980	14. 2 110	15. 23,0 %
16. 1981-2023	17. 786	18. 8,5 %
19. Ukjent	20. 1 824	21. 19,8 %



Aktørtype

Privatarkiv er ei stor og mangfaldig gruppe arkiv. Det er difor mest praktisk å dele dei inn i forskjellige kategoriar etter arkivskapar.⁶ I vår kartlegging har vi valt å dele arkiva inn i **8** aktørtypar: Organisasjon, Bedrift, Person/Familie, Samling, Institusjon, Legat/Stiftelse, Utval og Ukjent.

Bortimot halvparten av alle privatarkiva i fylket er organisasjonsarkiv. Likevel er det bedriftsarkiva som har det største omfanget. Arkiv etter organisasjonar er jamt over mindre i omfang enn bedriftsarkiva. Det er bevart **4 501** arkiv på til saman **4 002** hyllemeter etter ulike organisasjonar i Vestland, og **1 930** arkiv med eit omfang på **11 033** hyllemeter etter ulike bedrifter i Vestland.

Blant dei andre aktørtypepane finn vi ei betydeleg mengd med arkiv etter person/familie. Det er **1 414** arkiv og **828** hyllemeter som høyrer til denne aktørtypen. Det blir også oppbevart eit større omfang med institusjonsarkiv.

⁶ Lange, Vilhelm. *Privatarkiver: Bevaring og tilgjengeliggjoring*, s.17.



Bedriftsarkiv

Primærnæringa

Vi har kartlagt **40** arkiv med eit samla omfang på **27,88** hyllemeter i primærnæringa. Det svarar til **2** prosent av den samla mengda med bedriftsarkiv.

22. Primærnæringa	23. Tal arkiv	24. Hyllemeter
25. Jordbruk, skogbruk og fiske	26. 40	27. 27,88

Det er bevart **24** bedriftsarkiv frå jordbruket. Nokre av arkiva kjem frå pelsdyroppdrettsnæringa i Sunnfjord kommune. I følgje vår kartlegging er **9** av arkiva i jordbruket frå perioden 1900-1945 og **5** av arkiva er frå perioden 1946-1980. Berre eit av arkiva er frå perioden 1981-2023. Ytterlegare er det bevart **3** arkiv etter forskjellige bedrifter i skogbruket.

Fiske er dokumentert med **13** arkiv. Det blir mellom anna oppbevart arkiv etter fiskemottak, notbruk og oppdrettsselskap. Det eldste arkivet er frå 1877 medan den nyaste arkivet er frå 1988. Halvparten av arkiva har blitt registrert utan ytterår. Arkiva kjem frå Bergen (**3**), Øygarden (**1**), Kinn (**3**), Vik (**1**), Sunnfjord (**1**), Bremanger (**1**) og Sogndal (**1**).

Sekundærnæringa

Vi har kartlagt til saman **6 546** hyllemeter med arkiv fordelt på **647** arkiv i sekundærnæringa. Det har blitt tatt vare på svært mange arkiv frå industrien. I tabellen nedanfor kan ein sjå at det er bevart **455** industriarkiv.

AS *Stordø Kisgruber* på Stord er eit stort og viktig arkiv innan bergverksdrift i Vestland. Arkivet dekkjer perioden 1907 til 1978. Omfanget til AS *Stordø Kisgruber* utgjer **100** av **105,04** hyllemeter med arkiv innan bergverksdrift og utvinning. Det blir også oppbevart arkiv etter forskjellige skiferbrot og sandtak. Dei fleste arkiva kjem frå kommunane i gamle Hordaland, som Voss og Osterøy.

28. Sekundærnæringa	29. Tal arkiv	30. Hyllemeter
31. Bergverksdrift og utvinning	32. 24	33. 105,04
34. Industri	35. 455	36. 4 822,03
37. Elektrisitet-, gass-, damp- og forsyning av varmtvatn	38. 68	39. 1 593,41
40. Vassforsyning, avløps- og renovasjonsverksemd	41. 39	42. 7,09
43. Bygg- og anlegg	44. 64	45. 197,1

Bortimot halvparten av alle arkiva i industrien har blitt plassert under næringskategorien «produksjon av næring- og nytingsmiddel». Flesteparten av desse arkiva er meieriarkiv. Totalt har det blitt tatt vare på **138** meieriarkiv frå Vestland fylke. **65** prosent av alle meieriarkiva er frå tidsperioden 1900-1945.

Det har i tillegg blitt bevart fleire arkiv frå tekstil- og konfeksjonsbransjen. Vi har kartlagt **54** arkiv i denne bransjen. Det geografiske tyngdepunktet er Bergen som har **66** prosent av alle arkiva. Det omfattar både store tekstilfabrikkar og mindre skredderi.

Ein anna viktig bransje i industrien er skipsbyggebransjen. Bergen byarkiv og ArkiVest oppbevarer fleire arkiv etter store verft som har vore lokalisert i Bergen. Til dømes tek dei vare på arkivet etter *Laksevåg Verft, Mjellem & Karlsen* og *Bergen Mekaniske Verkstad* som har eit samla omfang på **291** hyllemeter. Elles er det bevart to omfangsrike arkiv frå Stord og Kvinnherad knytt til treskipbygginga i denne regionen.

Det er også bevart **16** arkiv knytt til produksjon av metall i Vestland. Fleire av arkiva kjem frå Ullensvang kommune. Arkiva spenner frå byrjinga av 1900-talet og fram til 2000-talet, og er store i omfang.

Når det gjeld elektrisitet-, gass-, damp- og forsyning av varmtvatn har vi registrert **68** arkiv. Det er for det meste arkiv etter kraftlag og vassverk. Kommunane i gamle Sogn og Fjordane har **75** prosent av alle arkiva i denne næringskategorien.

Bygg- og anleggsbransjen er dokumentert med **64** arkiv. Mange av dei bevarte arkiva i denne bransjen er ulike tomteselskap frå gamle Hordaland, hovudsakeleg Bergen. Gamle Sogn og Fjordane har **10** arkiv frå bygg- og anleggsbransjen. Rundt **40** prosent av arkiva er frå tidsperioden 1946-1980.

46. Tertiærnæringa	47. Tal arkiv	48. Hyllemeter
49. Varehandel, reperasjon av motorvogner	50. 289	51. 449,55
52. Transport og lagring	53. 256	54. 793,4
55. Overnatting- og serveringsverksemd	56. 42	57. 61,88
58. Informasjon og kommunikasjon	59. 87	60. 561,42
61. Finansiering- og forsikringsverksemd	62. 236	63. 791,91
64. Omsetting og drift av fast eigedom	65. 86	66. 40,4
67. Fagleg, vitskapeleg og teknisk tenesteyting	68. 114	69. 1 077,04
70. Forretningsmessig tenesteyting	71. 5	72. 5,93
73. Undervisning	74. 3	75. 0,33
76. Helse- og sosialtenester	77. 82	78. 367,56
79. Kulturell verksemd, underhaldning og fritidsaktivitetar	80. 28	81. 64,68
82. Anna tenesteyting	83. 11	84. 66,86

Tertiærnæringa

I tertiærnæringa har vi kartlagt **1 228** arkiv som har eit omfang på **4 268** hyllemeter. Tertiærnæringa er dermed best dokumentert med arkiv.

Det er bevart mange arkiv frå varehandelen, særleg frå detaljhandelen. Arkiv etter ulike handelslag eller handelsforeiningar omfattar totalt **191** av **289** arkiv i varehandelen. Arkiva i detaljhandelen kjem stor sett frå Bergen, Nordhordland og Indre Sogn. Arkiva strekker seg frå begynninga av 1800-talet og fram til 2016. Vidare har det blitt tatt vare på **83** arkiv frå agentur- og engroshandelen. Om lag **49** prosent av desse arkiva er frå tidsperioden før 1850. Det skuldast først og fremst at Bergen Byarkiv oppbevarer mange arkiv etter forskjellige Nordlandshandlarar i Bergen.

Under «transport og lagring» har vi registrert **256** arkiv, og **137** av dei kjem frå sjøfarten. Dette er arkiv etter dampskipsselskap, reiarlag og skip. Museum Vest og Bergen byarkiv oppbevarer den største andelen med bedriftsarkiv frå sjøfarten. I følgje kartlegginga har **40** prosent av alle arkivskaparane kommunetilhørsel til Bergen. Så mange som **50** av arkiva frå sjøfarten manglar ytterår.


Det blir også oppbevart **73** arkiv knytt til landtransport. Billaga utgjer **43** av **73** arkiv. Elles er det bevart **5** små arkiv etter lufttransport i Vestland, og **40** små arkiv som kan knytast til «lagring og andre tenester knytt til transport». Den siste kategorien omfattar mellom anna shipping- og dampbryggjeselskap og skysstasjonar.

Vi har kartlagt **236** arkiv etter finansiering- og forsikringsverksemder i Vestland. Totalt er **122** av arkiva i denne næringa bankarkiv. Rundt **36** prosent av bankarkiva er frå Bergen. Det eldste bankarkivet er *Bergens Sparebank* som går heilt tilbake til 1820-talet. I tillegg har vi registrert eit bankarkiv frå Sogndal og eit frå Bremanger som vart starta opp på 1840-talet. Det har også blitt tatt vare på fleire arkiv etter forskjellige forsikringsselskap som spanner over fleire tidsperiodar.

«Fagleg, vitskapeleg og teknisk tenesteyting» er dokumentert med **114** arkiv. Meir enn halvparten av arkiva kan knytast til arkitektverksemder i Bergen. Fleire av desse arkiva har eit stort omfang. Til dømes har arkivet etter *Arkitektgruppen CUBUS AS* eit omfang på **73,2** hyllemeter.

Det er bevart **42** arkiv frå næringskategorien «overnatting- og serveringsverksemd». Arkiv etter overnattingsverksemder består hovudsakeleg av hotellarkiv, men også pensjonat, herberg og gjestgivarar. Arkiv etter serveringsverksemder inkluderer fleire kaféar, restaurantar og eit par kantinar og cateringsselskap. Det har blitt samla inn litt fleire arkiv etter overnattingsverksemder (**25**) enn serveringsverksemder (**17**). Omfanget til overnattingsverksemdene er på **50,9** hyllemeter medan omfanget til serveringsverksemdene ikkje er på meir enn **10,9** hyllemeter. Bergen, Ulvik og Sogndal er representert med flest arkiv innan overnatting- og serveringsverksemd. Bergen har **20** arkiv og Ulvik og Sogndal har **3** arkiv kvar.

Det er bevart **4 501** organisasjonsarkiv. Figur 6 gir ei oversikt over tal bevarte arkiv og omfang for dei ulike hovudkategoriane.



Politikk og fagrørsla

Vi har kartlagt **765** arkiv etter forskjellige arbeidstakar- og yrkesorganisasjonar. Totalt er **47** prosent av arkiva frå Bergen, **24** prosent av arkiva er frå kommunane i gamle Sogn og Fjordane (hovudsakeleg Sunnfjord, Sogndal og Høyanger) og **10** prosent av arkiva er frå dei resterande kommunane i gamle Hordaland (hovudsakeleg Ullensvang og Voss). Hovudtyngda av materialet kjem frå organisasjonar knytte til LO. Det er ein nokolunde lik fordeling av arkiv i tidsperiodane 1900-1945 og 1946-1980. Samtidig er rundt **10** prosent av arkiva frå perioden etter 1980.

Av dei politiske partia i Vestland er det bevart **107** arkiv etter lag og foreningar tilknytt *Arbeidarpartiet*. Det har i tillegg blitt tatt vare på **25** arkiv etter *Raudt*, **19** arkiv etter *Sosialistisk Venstreparti* og **26** arkiv etter *Senterpartiet*. Dei politiske partia med færrest bevarte arkiv er *Høgre* med **9** arkiv, *Kristeleg Folkeparti* med **8** arkiv og *Framstegspartiet* med **2** arkiv. Politiske parti som har blitt grunnlagt etter 1990-talet er ikkje representert.

Det har blitt registrert **68** arkiv etter ulike kampanjar og rørsler. Rørsla med flest bevarte arkiv er *Nei til EU*.

Jordbruk, skogbruk, fiske og fangst

«Faglege organisasjonar i landbruket» og «omsettingsorganisasjonar i landbruket» er dokumenter med **491** arkiv. Slike arkiv inkluderer både bondelag, avlslag, skoglag og smørlag m.m. Blant kommunane i gamle Hordaland er det bevart fleire arkiv frå Alver (**31**) og Osterøy (**19**). I gamle Sogn og Fjordane har det blitt tatt vare på mange arkiv frå Sogndal (**44**), Gloppen (**20**) og Vik (**37**). Om lag **45** prosent av arkiva er frå tidsperioden 1900-1945.

Det er bevart **71** arkiv etter «faglege organisasjonar i fiske og fangst» og «omsettingsorganisasjonar i fiske og fangst». Fiskarlag og notlag utgjer hovudmengda med bevarte arkiv. Dei aller fleste organisasjonsarkiva innan fiske og fangst er svært små, men det har blitt tatt vare på nokre regionale arkiv som er svært omfangsrike. Øykommunen Fedje er ikkje representert med eit arkiv. Det er heller ikkje kommunane i Sunnhordaland.

Ideelle og humanitære verksemder

Vi har registrert **975** arkiv under ideelle og humanitære verksemder, og **400** av desse arkiva kjem frå fråhaldsrørsla. Regionane med flest fråhaldsarkiv er Nordfjord og Kinn, Indre Sogn og Midthordland. Bortimot alle fråhaldsarkiva frå Midthordland er frå Bergen. Talet på fråhaldslag er høgt i perioden frå 1900-1945, men i dei etterfølgjande periodane har talet på fråhaldslag gått kraftig tilbake.

Av andre ideelle og humanitære verksemder er husmorlag, helselag, sanitetsforeiningar og pensjonistlag dokumentert med mange arkiv. Oppbevaringsinstitusjonane i Vestland tek vare på **114** husmorlagsarkiv, **51** helselagsarkiv, **24** sanitetsforeiningsarkiv og **28** pensjonistlagsarkiv. Arkiva etter desse foreiningane spenner over fleire tidsperiodar. Dersom ein ser på perioden etter 1980, er det bevart fleire arkiv etter foreiningar knytt til ulike funksjonsnedsettingar og sjukdommar.

Det blir oppbevart **4** organisasjonsarkiv frå den skeive rørsla i Vestland. Det er då arkiva etter *LLH i Bergen og Hordaland*, *Skeive studentar i Bergen* og *Sapfonia* som er eit songkor for lesbiske og ikkje-binære damer i Bergen. Alle arkiva blir oppbevart av Skeivt arkiv i Bergen som har eit nasjonalt ansvar for å ta vare på skeiv historie.

Idrett, fritid og kultur

Idrettslivet i Vestland er dokumentert med **170** arkiv. Det inkluderer mellom anna idrettslag, fotballklubbar, turnlag og skilag. Det er for det meste bevart arkiv etter lokale organisasjonar. Av regionale idrettsarkiv er det bevart **7** arkiv, **6** arkiv frå Sogn og Fjordane og **1** arkiv frå Hordaland. Rundt **46** prosent av arkiva er frå perioden 1900-1945, **22** prosent er frå perioden 1946-1980 og **11** prosent er frå perioden 1981-2023. Geografisk har det blitt tatt vare på flest arkiv frå Indre Sogn og Nordfjord og Kinn. I Sunnhordland, Midthordland, Nordhordland og Ytre Sogn er det fleire kommunar som ikkje står oppført med eit einaste idrettsarkiv.

Det er bevart **64** arkiv etter skyttarrørsla. I følge vår kartlegging vart svært mange av skyttarforeiningane skipa på slutten av 1800-talet og begynninga av 1900-talet. Regionen med den største andelen av skyttararkiv er Indre Sogn.

Elles har det blitt tatt vare på ein del arkiv etter speidarlag, bridgeklubbar og turlag i Vestland. I tillegg har vi registrert **215** arkiv som er tilknytt ungdomsrørsla i fylket. Alle kommunane i Vestland utanom Stord, Fitjar, Eidfjord, Samnanger og Fedje er representert med ungdomslagsarkiv.

Innanfor kultur finn vi hovudsakeleg arkiv under kategorien «song og musikk, amatørteater». Oppbevaringsinstitusjonane i Vestland tek vare på **287** slike arkiv. Den samla arkivmengda består mellom anna av **87** musikklag og korps, **81** korforeiningar, **56** songforeiningar og **2** teaterlag. Det er også bevart fleire arkiv etter folkeakademi, mållag og sogelag.

Det har blitt samla inn få arkiv knytt til etniske minoritetar i Vestland. Bergen byarkiv oppbevarer eit lite arkiv etter denne organisasjonstypen. Det er ukjent når foreininga vart starta opp, men arkivet etter foreiningar har sluttår i 2013.

Tru og livssyn

Når det gjelder tru- og livssynsorganisasjonar er det stort sett berre bevart arkiv etter kristne organisasjonar. Misjonsrørsla er representert med **161** arkiv. Dei fleste er tilknytt indremisjonen og er frå tidsperiodane 1900-1945 og 1946-1980. Det er også bevart **49** arkiv etter ulike kristne ungdomsforeiningar.

Av kristne trussamfunn utanfor statskyrkja har vi kartlagt **9** arkiv. Det omfattar arkiv etter metodistiske kyrkjelydar, kristkyrkja, pinsekyrkjelyda og den katolsk-apostoliske kyrkelyda.

Ytterlegare blir det oppbevart **5** arkiv etter ulike livssynsorganisasjonar i Vestland, der **3** av dei er lokallag av *Human-etisk forbund*. Desse organisasjonane vart starta opp på 1980-talet.

Institusjonsarkiv


Det er bevart **258** institusjonsarkiv frå Vestland. Omtrent halvparten av alle institusjonsarkiva har kommunetilhørrelse til Bergen. Deretter kjem Sunnfjord som har **14** institusjonsarkiv. Ein god del av institusjonsarkiva kan knytast til helse- og omsorg og undervisning.

Bevaringsinstitusjonane i Vestland tek vare på til saman **30** arkiv etter private barnehagar i fylket. I høve til dei ulike tidsperiodane er det bevart **1** arkiv frå perioden 1900-1945, **10** arkiv frå perioden 1946-1980 og **7** arkiv frå perioden 1981-2023. I tillegg er det **12** arkiv som står oppført utan ein tidsperiode.

Blant institusjonsarkiva finn vi også arkiv etter diverse skular. Det har blitt tatt vare på **58** arkiv etter ungdomsskular, høgskular m.m. Dei fleste arkiva har eit omfang på under **1** hyllemeter. Med utgangspunkt i dei ulike tidsperiodane er **39** prosent av arkiva frå perioden 1900-1945 og **18** prosent av arkiva er frå perioden 1946-1980. Rundt **10** prosent av arkiva er frå perioden 1981-2023. Arkiva har kommunetilhørrelse til Bergen, Ullensvang, Sunnfjord og Sogndal.

Private aldersheim og sjukeheim i fylket er dokumentert med **23** arkiv. Bergen har **13** av arkiva. Totalt er **10** av arkiva frå perioden 1900-1945. Frå dei etterfylgjande periodane har det blitt tatt vare på **3** arkiv i kvar periode.

Ytterlegare er det bevart **6** barneheimsarkiv. Arkiva kjem frå Bergen og Bjørnafjorden. Det blir oppbevart **2** arkiv frå tidsperioden 1900-1945 og **2** arkiv frå tidsperioden 1946-1980. Ingen av barneheimsarkiva er frå perioden etter 1980.



Arkiv etter personar, andre arkivskaparar og samlingar

Person/familie er den tredje største aktørtyper med omsyn til tal bevarte arkiv. Vi har kartlagt **1 414** arkiv under denne aktørtyper. Det er bevart **421** person/familiearkiv frå Bergen, **132** arkiv frå Sogndal og **129** arkiv frå Vik. Samtidig er det **121** person/familiearkiv som har blitt registrert utan ein kommune. Under **4** prosent av person/familiearkiv er frå perioden etter 1980.

Både personar med og utan ei spesiell rolle i samfunnet er representert.

Person/familiearkiv etter menn utgjør **52** prosent av alle arkiva, mens person/familiearkiv etter kvinner utgjør **14** prosent. Det har også blitt tatt vare på **2** arkiv etter personar med innvandrarbakgrunn frå perioden 1981-2023, og **25** arkiv knytt til personar frå den skeive rørsle i fylket.

Av andre arkivskaparar finn vi utval, ukjent og samlingar. «Utval» er dokumentert med **191** arkiv. Utval består hovudsakeleg av arkiv etter forskjellige komitear og nemnder. Det er mellom anna bevart fleire arkiv etter diverse 17. mai komitear i Vestland. Aktørtyper «ukjent» består av arkiv som ikkje har latt seg plassere under dei andre aktørtypane. Det er ein lite andel som har blitt plassert under denne aktørtyper, berre **81** arkiv. Den siste aktørtyper er «samling» som står registrert med **430** arkiv. Denne aktørtyper omfattar ein stor variasjon med arkiv, alt frå gardsarkiv, livsminne og brevsamlingar til bygdeboksarbeid og avisutklipp. Dei fleste arkiva under denne aktørtyper er frå perioden før 1850.

Legat/stifting

Det er bevart **358** arkiv etter ulike legat/stiftingar. Bergen byarkiv oppbevarer **315** av desse arkiva. Så mange som **87** prosent av arkiva etter legat/stifting kjem frå Bergen. Mange av desse arkiva er små og har eit omfang på under ein hyllemeter.

Oppsummering

Per i dag blir det oppbevart **9 169** privatarkiv i Vestland fylket. Privatarkiva har eit omfang på **20 782** hyllemeter. Dersom ein tar utgangspunkt i tal arkiv er det organisasjonsarkiva som er best dokumentert. I hyllemeter er det derimot bedriftsarkiva som utgjer den største mengda med privatarkiv. Det blir oppbevart fleire omfangsrike arkiv hos Bergen byarkiv og ArkiVest.

Tidsperioden etter 1980 er dårleg dekkja med privatarkiv. Berre **8,5** prosent av alle arkiva er frå denne perioden. Årsakene til den låge mengda med arkiv er samansett. Privatarkiv blir vanlegvis ikkje avlevert til ein bevaringsinstitusjon før enten bedrifta eller foreininga har opphøyra å eksistere. Samfunnet har også endra seg, frå å vere papirbasert til å bli digitalt. Det betyr at arkiv blir skapt og lagra på andre måtar enn ved tidelegare periodar.

Lokale aktørar har spela ei viktig rolle for å få ei heilskapleg innsamling av privatarkiv frå heile fylket. I analysen har vi sett at Nordfjord og Kinn og Indre Sogn er best dekkja med privatarkiv med omsyn til tal bevarte arkiv medan Hardanger og Voss har det største omfanget med arkiv, med unntak av Bergen. Særleg i Indre Sogn og Hardanger og Voss har lokale aktørar (Vik Lokalhistoriske Arkiv, Jølster Lokalhistoriske arkiv og Kraftmuseet) samla inn mykje privatarkiv frå desse regionane. Regionen med færrest arkiv er Sunnhordland.

Når det gjeld bedriftsarkiv, er det tertiærnæringa som er best dokumentert. Sekundærnæringa har det største omfanget. I høve til alle næringsverksemdene blir det oppbevart flest arkiv frå industrien. Nær halvparten av arkiva i industrien høyrer til under næringskategorien «produksjon av næring- og nyttingsmidla», og er meieriarkiv. Det har blitt samla inn få arkiv etter dei tenesteytande næringane. Arkitektverksemda i Bergen er eit unntak.

Blant dei ulike organisasjonskategoriane har det blitt tatt vare på mange arkiv etter forskjellige arbeidstakar- og yrkesorganisasjonar. Det same gjelder for den politiske venstresida. Det skuldast mellom anna at bevaring av arkiv etter arbeidarrørsla har vore eit prioritert område, med satsingar som Arbeidararkivet i Sogn og Fjordane. Fråhaldsrørsla er også godt dokumentert. Derimot er det ikkje bevart eit einaste arkiv etter andre religionar enn kristendom i fylket. Det er i tillegg bevart svært få arkiv knytt til ulike minoritetar i Vestland. Såleis reflekterer ikkje arkiva den utviklinga som har skjedd i samfunnet dei siste førti åra.

Videre er det ein skeivfordeling mellom arkiv bevart etter menn og arkiv bevart etter kvinner. Totalt er **52** prosent av person/familiearkiva tilknytt menn og berre **14** prosent av arkiva er tilknytt kvinner.